



Møre og Romsdal fylkeskommune

Planprogram Regional planstrategi og Fylkesplan for Møre og Romsdal 2020-2024

Utkast lagt fram for fylkesutvalet 25. februar 2019

Innhald

1.	Formålet med planarbeidet.....	2
1.1.	Kvifor regional planlegging?	2
1.2.	Heilskapleg regional utvikling	2
1.3.	Felles visjon og mål.....	3
1.4.	Avklare planambisjonar	3
1.5.	Krav om planprogram.....	4
2.	Regional planlegging i Møre og Romsdal	5
2.1.	Planhierarki.....	5
2.2.	Regional planstrategi	5
2.3.	Fylkesplan	6
2.4.	Regionale delplanar	7
2.5.	Strategiar og fagmeldingar	7
2.6.	Frå plan til handling.....	8
3.	Rammer og føringar for planarbeidet	8
3.1.	FNs bærekraftsmål	8
3.2.	Nasjonale forventingar	9
3.3.	Nye oppgåver som følgje av regionreforma	9
3.4.	Økonomiske rammer	9
4.	Kunnskapsgrunnlag	10
4.1.	Utviklingstrekk for Møre og Romsdal	10
4.2.	Oversikt over folkehelsa	10
4.3.	Kunnskap om behov i den regionale arbeidsmarknaden	10
4.4.	Anna kunnskapsgrunnlag	11
4.5.	Innspel frå workshop	11
5.	Behov for utgreiingar.....	11
6.	Evaluering.....	12
7.	Organisering, framdriftsplan og medverking	12
7.1.	Organisering	12
7.2.	Framdriftsplan	12
7.3.	Medverking.....	13
8.	Innspel til oppstart av planprosessen.....	14

1. Formålet med planarbeidet

1.1. Kvifor regional planlegging?

Når vi no skal til å lage ny regional planstrategi og fylkesplan må vi ha med oss kva vi ønskjer å oppnå med fylkeskommunal- og kommunal planlegging. Noko forenkla kan vi seie det slik:

- Legge grunnlag for at samfunnsutviklinga går i ei retning vi ønskjer og er samde om
- Avdekke sårbarheiter i samfunnet og gjere oss rusta til å takle konsekvensane av uønskete hendingar
- Gi klare spelereglar og føreseielege rammevilkår for innbyggjarar og næringsliv – ein føresetnad for likebehandling
- Ivareta demokratiske rettar til deltaking og medverking
- Få fram ulike gruppers innsikt gjennom deltaking og medverking

Med plan- og bygningslova frå 2008 vart omgrepet «fylkesplanlegging» erstatta av omgrepet «regional planlegging». Regional planlegging er ei lovpålagt oppgåve, jamfør plan- og bygningslova § 3-4. Føremålet med regional planlegging er å:

«stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i en region.»

I kapittel 7 i plan- og bygningslova blir det stilt krav om at fylkeskommunen minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeider ein regional planstrategi. I kapittel 8 i same lov er det bestemt at regional planmyndighet skal utarbeide regionale planar for dei spørsmåla som er fastsett i den regionale planstrategien.

I plan- og bygningsloven sin [formålsparagraf](#) blir det slått fast at

« Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.»

Regional planstrategi og fylkesplanen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag, samt vere grunnlag for god samhandling og samvirke mellom desse.

1.2. Heilskapleg regional utvikling

Den regionale planlegginga skal vareta det regionale perspektivet og sjå utover kommunegrensene, sektorane og forvaltningsnivåa. Regional planstrategi og fylkesplanen skal fremme heilskapleg regional utvikling. Det inneber å få fram og samordne ulike behov, interesser og verkemiddel til det beste for heile fylket.

Plansystemet bygger på ein føresetnad om at det er folkevalte som gjer vedtak og legg føringar for samfunnsutviklinga. Plan- og bygningsloven er ein viktig samordningslov. All planlegging etter loven skal sikre samordning både mellom sektorar og mellom forvaltningsnivåa. Den regionale planlegginga skal også tilpasse nasjonal politikk til lokale og regionale forhold.

Det blir i [Meld. St. 6 \(2018–2019\)](#) «Oppgaver til nye regioner» peika på at følgande samfunnsutfordringar treng regionale løysingar;

- Samfunnet og næringslivet må gjennom eit grønt skifte

- Arbeidslivet treng tilgang på kvalifisert arbeidskraft og regionalt relevant forskning
- Raske omstillingskrav gjer at arbeidstakarar må skaffe seg ny kunnskap og tilpasse seg nye oppgåver og nye jobbar
- Den demografiske utviklinga er ulik, det krev ulike tiltak for å ta i bruk dei menneskelege ressursane

Regional utvikling blir til i eit samspel mellom politikk, næringsliv og nytenkning, men også av endringar i miljø og naturressursar. Menneskene i regionen er sentrale, med sin kompetanse og arbeidskraft, sin kultur og identitet. Stadsutvikling, innovasjon, næringsutvikling, kulturutvikling og demografi er tett vevd saman.

Regionen Møre og Romsdal vil berre lykkast om vi får ulike aktørar til å spele på lag og å dele dei same måla. Vi er avhengig av kvarandre sin innsats, engasjement, skaparevne, kunnskap og økonomiske verkemiddel. Fylkeskommunen åleine kan ikkje hindre fråflytting, skape nye arbeidsplassar eller gode oppvekstmiljø.

Samfunnsutvikling handlar om summen av innsats retta mot klima og miljø, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Den regionale samfunnsutviklarrolla kan oppsummerast i følgjande tre hovuddimensjonar:

- å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
- å mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Det viktigaste verktøyet fylkeskommunen har for å samordne, mobilisere og gi strategisk retning til samfunnsutviklinga er den regionale planlegginga.

1.3. Felles visjon og mål

Sidan vi lagde førre regionale planstrategi har det kome inn eit nytt krav i plan- og bygningsloven om at regional planstrategi skal «ta stilling til langsiktige utviklingsmål» (§ 7-1 andre ledd).

Gjennom planprosessen ønskjer vi derfor å få fram kva som skal vere Møre og Romsdal sin visjon i åra fram mot 2030. Vi må stille oss spørsmåla:

- Kva vil vi med dette fylket?
- Korleis gjer vi Møre og Romsdal til ein betre stad å bu i og virke i for våre innbyggjarar?
- Kva for posisjon meiner vi Møre og Romsdal skal ta nasjonalt og internasjonalt?

Det er eit mål at vi gjennom planprosessen kjem fram til ein felles ambisjon på vegner av alle oss som bur og virke i Møre og Romsdal, ein ambisjon vi kan samle oss om og bli motivert av.

I regional planstrategi skal vi også trekke opp dei overordna måla for utviklinga i Møre og Romsdal fram mot 2030. Korleis ønskjer vi det skal vere i Møre og Romsdal om 10 år?

Fylkesplanen skal vere meir operativ og måla skal vere knytt til fylkestingsperioden. Her skal vi bli samde om kva vi ønskjer å oppnå denne 4-årsperioden og kva strategiar som kan føre oss dit.

1.4. Avklare planambisjonar

Regional planstrategi er eit verktøy for å ta stilling til kva regionale planoppgåver det nyvalte fylkestinget vil prioritere for å fremme ønskt utvikling i fylket. Arbeidet med regional planstrategi skal

leie fram til ei avgjerd om kva planar som fylkeskommunen skal ha i fireårsperioden. Dette skal gjerast i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar som planarbeidet rører ved.

Statlege og regionale organ og kommunane skal etter plan- og bygningslovens § 7-2 «legge den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen».

Det er derfor viktig at desse blir trekt med i vurderinga av kva planar fylkeskommunen skal vedta:

- Er det planar vi kan *avvikle* eller legge inn i andre planar?
- Er det nokon regionale planar eller strategiar som bør *reviderast*?
- Treng vi nokon *nye* regionale planar eller strategiar?
- Må vi avsette ressursar til interkommunale eller statlege planar?

I desse vurderingane må vi også svare ut dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, jf plan- og bygningslovas § 6-1.

Behov for nye planar og revidering av planar må også vurderast opp mot økonomiske og andre ressursmessige føresetnadar for gjennomføring og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig, jf plan- og bygningslovas § 3-1.

1.5. Krav om planprogram

Regional planstrategi er ikkje definert som ein plan etter plan- og bygningslova, det er derfor ikkje krav om at denne må ha eit planprogram.

Med det nye kravet i plan- og bygningsloven om at regional planstrategi skal ta stilling til langsiktige utviklingsmål, har vi fått ein overlapp mellom regional planstrategi og fylkesplanen som strategisk styringsdokument. Det er derfor tenleg å utarbeide regional planstrategi og fylkesplanen i same prosess.

Fylkesplanen er vår regionale plan for heilskapleg samfunnsutvikling i Møre og Romsdal – og er omfatta av kravet om planprogram, jf plan- og bygningslovens § 4-1:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet».

I følge plan- og bygningsloven skal planprogrammet gjere greie for:

- Formål med planarbeidet
- Planprosess med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar

Høyring av planprogrammet er ein viktig milepæl i arbeidet fram mot ny regional planstrategi og fylkesplan. Høyringa skal sikre at myndigheiter og interesser som dette får følgjer for, får oversikt over aktuelle problemstillingar og korleis forslaget påverkar eigne interesser. Målet er å gi høve til tidleg medverknad, god informasjon og dialog, og ein føreseieleg prosess for alle involverte.


2. Regional planlegging i Møre og Romsdal

2.1. Planhierarki

Den regionale planlegginga blir koordinert av plan- og analyseavdelinga, som er ei stabsavdeling i fylkeskommunen. Alle fagavdelingane er tett knytt på arbeidet med oppfølging av dei regionale planane gjennom faste møte i den interne fylkesplangruppa, i fylkesrådmannen si leiargruppe og gjennom økonomiplan- og budsjettprosessen.

Oversikten over fylkeskommunen sine planar finn du på framsida til www.mrfylke.no under fana «regionale planar/høyringar»

Fylkeskommunen har fleire ulike type plandokument. Plansystemet kan illustrerast slik:



Det som skil dei regionale planane frå strategiane og fagplanane er krava til planprosess og verknad for kommunane og statlege etatar.

Regionale planar er utarbeidd etter prosesskrava i plan- og bygningsloven. Det inneber at dei skal ha eit planprogram med høve til medverking tidleg i planprosessen. Med strategiar og fagmeldingar står ein fritt til å legge opp prosessen på ein enklare måte.

For fylkestinget er strategiar og fagplanar like bindande som regionale planar, men ikkje for kommunane og statlege etatar. Plan- og bygningslovas § 8-2 krev at:

«Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen».

2.2. Regional planstrategi

Dette er nå det einaste obligatoriske elementet for planlegging på regionalt nivå etter plan- og bygningsloven.

Den regionale planstrategien skal:

- gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar
- vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter
- ta stilling til langsiktige utviklingsmål
- ta stilling til kva spørsmål som skal tas opp gjennom vidare regional planlegging + skal innehalde ei oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp og opplegget for medverking i planarbeidet.

Den gjeldande regionale planstrategien vart vedtatt i fylkestinget i april 2016. Den tar utgangspunkt i 7 mål for Møre og Romsdal som samfunn;

- Gode og inkluderende lokalsamfunn og byer
- Godt og breitt kultur- og fritidstilbod
- God og tilstrekkelig kompetanse
- God konkurransekraft og nyskaping
- Gode og samfunnsutviklande samferdselsløysingar
- Gode oppvekst og levekår
- God miljømessig bærekraft

Planstrategien gir ein systematisk gjennomgang av planbehov på desse temaområda basert på kunnskapsgrunnlaget og utfordringsomtalen til planstrategien. Planstrategien inneheld vidare ei liste over prioritert planarbeid med tidsplan og kven som skal medverke, samt omtale av korleis dei nasjonale forventningane blir følgt opp.

Gjeldande regionale planstrategi finn de på nettsida www.mrfylke.no/rps

2.3. Fylkesplan

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 er vår overordna regional plan og vart vedtatt i fylkestinget i desember 2016.

Planen har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv. For kvart av innsatsområda er det definert 5-7 hovudmål.

Dei tre overordna prioriteringane er områder der fylkeskommunen saman med kommunane og andre regionale aktørar er utfordra til å ta nye grep for å gjere fylket meir attraktivt. I gjeldande fylkesplan er disse områda integrering, omstilling, og attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemiddel til å påverke den regionale utviklinga. Dette er innan kultur, kompetanse og verdiskaping og samferdsel.

Dei gjennomgåande perspektiva er viktige samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og staten – skal vurdere i alle planar og tiltak. I fylkesplan 2017-2020 er desse klima og miljø, barn og unge, samt likestilling og inkludering. Meir informasjon finn du på nettsida

www.mrfylke.no/fylkesplan



2.4. Regionale delplanar

I tillegg til fylkesplanen har vi 9 regionale delplanar som er forankra i regional planstrategi og som gjeld meir avgrensa samfunnsområder. Omgrepet «regional» om ein plan blir berre nytta når planen er utarbeidd i tråd med prosesskrava i plan- og bygningsloven.

4 av desse planane kan kategoriserast som tema- og arealretta regionale planar med arealføringar, og 6 er tematiske regionale planar utan arealføringar. Alle dei regionale delplanane har si eiga nettside: <https://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar>

Tema- og arealretta regionale planar:

- Regional plan for Dovrefjellområdet (2017)
- Regional plan for Ottadalsområdet (2016)
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader (2015)
- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2000)

Temaplanar utan arealføringar:

- Regional delplan for museum (2017)
- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion (2016)
- Regional delplan for klima og energi (2015)
- Regional plan for kulturminne (2015)
- Regional delplan Tannhelse (2013)
- Regional delplan folkehelse (2013)

2.5. Strategiar og fagmeldingar

Fylkeskommunen har ei rekke temaplanar, sektorplaner og ulike strategidokument. Desse planane er ikkje heimla i plan- og bygningsloven, men kan vere forankra i særlover, stortingsmeldingar og fylkespolitiske vedtak. Dei har ulike namn – som fagmelding, strategi eller kunnskapsgrunnlag. Her er prosess og oppfølging mindre omfattande. Disse planane skal vere knytt til eit handlingsprogram i fylkesplanen.

Vi har følgande strategiar:

- Forskings og innovasjonsstrategi for kommunal sektor i Møre og Romsdal (2017)
- Forskings- og innovasjonsstrategi for næringslivet 2016-2020 (2016)
- Internasjonal strategi 2017-2020 (2016)
- Trafikktryggingstrategi 2013-22
- Kollektivstrategi 2012-2021
- Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019
- Luftfartsstrategi 2007-2015
- Finansieringsstrategi samferdsel (2006)
- Ferjestrategi 2006-2015

Vi har følgande temaplanar:

- Fagplan bibliotek (2017)

- Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017-2021
- Kvalitetsplanen for videregående opplæring (2017)
- Skolebruksplan 2018-2021

Ein regional plan eller strategi gjeld inntil fylkestinget gjer vedtak om å oppheve eller endre den, årstallet som står på planen avgrensar ikkje gyldigheita.

Alle planane har si eige nettside på <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Strategiar-og-fagmeldingar>

2.6 Frå plan til handling

Det er eit krav i plan- og bygningsloven at alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram. Frå og med 2019 er handlingsprogramma for fylkesplanen og dei regionale delplanane integrert i økonomiplan med budsjett. Vi har samla plan- og budsjettarbeidet i ein prosess og eit dokument. Dette for å sikre at det er ein klar samanheng mellom kva ressursar som er tilgjengeleg og kva tiltak som blir prioritert for å nå måla i fylkesplanen.

Planane blir også følgt opp i avdelingsvise tiltaksplanar som del av verksemdsstyringa. Informasjon om økonomiplan med handlingsprogram og tiltaksplanane og rapportering på desse finn de på nettsida <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Handlingsprogram>

Det er utarbeidd handbok for oppfølging av dei gjennomgåande perspektiva og det er etablert tverrfaglege arbeidsgrupper på temaa barn og unge og likestilling og inkludering. Det er også eit fagforum for oppfølging av den overordna prioriteringa integrering.

Gjennomføring av fylkesplanen er avhengig av eitt breitt samarbeid mellom mange partar. Fylkeskommunen har mange ulike nettverk vi nyttar i arbeidet. Det er også inngått regional [samarbeidsavtale](#) med Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA. Det er også inngått samarbeidsavtale med IMDi.

3. Rammer og føringar for planarbeidet

3.1. FNs bærekraftsmål

I 2015 støtta alle dei 193 medlemslanda i FN opp under ei felles erklæring for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og motverke klimaendringane innan år 2030. Erklæringa inneheld 17 mål for å oppnå ei bærekraftig framtid. Les meir på [FN sambandet si nettside](#).

Dette er universelle mål som forpliktar Noreg.

Bærekraftsmåla blir i aukande grad brukt som eit rammeverk for både kommunale og regionale planar. Dei 17 måla er operasjonalisert i 169 undermål. Bærekraftsmåla og dei tre bærekraftsprinsippa er eit godt utgangspunkt for planlegging – for her blir samanhengar og heilskap mellom miljømessige, sosiale og økonomiske faktorar vektlagt.

FN har laga ei «oppskrift» - eit vegkart - for korleis vi skal jobbe med bærekraftmåla på lokalt nivå. Enkelt oppsummert handlar dette om to prosesser som må skje samtidig:

- Vi må gjere oss kjent med måla og tilpasse arbeidet med dei slik at dei passar til egne utfordringar og moglegheiter
- Vi må starte å måle korleis vi skårar på indikatorar som seier noko om bærekrafta – og følgje opp dette over tid – og sette inn nødvendige tiltak

Vi vil derfor organisere kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi etter dei tre bærekraftsprinsippa. Fleire fylkeskommunar arbeider no med å finne ut korleis bærekraftsmåla kan tilpassast våre ansvarsområde og korleis utviklinga kan målast.

3.2. Nasjonale forventingar

Plan- og bygningslova slår i § 6-1 fast at staten skal levere eit innspel til planstrategiarbeidet – dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging. Her blir det vist til oppgåver og interesser regjeringa meiner er viktig at fylkeskommunane og kommunane tek opp i planlegginga for å bidra til gjennomføring av nasjonal politikk.

Det er varsla at regjeringa vil legge fram desse i løpet av februar 2019 og dei vil bli teke inn i utkast til regional planstrategi.

Plankrav sett i andre lover, slik som opplæringsloven, folkehelseloven, diskriminerings- og tilgjengeloven, kulturminneloven, folkebibliotekloven og vassforskrifta vil også bli teke med i regional planstrategi.

3.3. Nye oppgåver som følgje av regionreforma

Fylkeskommunane får gjennom regionreforma nye oppgåver frå 2020 innan samferdsel, kompetanse, integrering, næringsutvikling, landbruk, forskning, kulturminner, friluftsliv og folkehelse. Det er framleis mykje som er uavklart både når det gjeld konkretisering av oppgåver, ansvar og ikkje minst kva ressursar fylkeskommunen skal bli tilført for å løyse desse oppgåvene.

I samband med ny regional planstrategi må vi vurdere om det er behov for ein ny regional politikk, det vil si ein plan eller strategi, for nokon av dei nye oppgåvene.

3.4. Økonomiske rammer

For 2019 er det ikkje avsett ekstra ressursar til utgreiingar som underlag til ny regional planstrategi. Det inneber at kunnskapsgrunnlaget for det meste må utarbeidast av tilsette i fylkeskommunen.

I vurdering av planbehov må vi ha med oss at det er ressurskrevjande å lage regionale planar. Det skal både innhentast mykje ny kunnskap og gjennomførast medverknadsprosessar. Skal arbeidet gjerast skikkeleg går det fort eit årsverk på å lage planen. For gjennomføring av planen vil det også vere behov for ressursar til å følgje opp arbeidet og gjennomføre tiltak. Særleg er planar som inneber samarbeid med eksterne mykje lettare å få til om fylkeskommunen har midlar å bidra med i felles prosjekt og tiltak.

Fylkesrådmannen vil derfor i den regionale planstrategien vise kva økonomiske konsekvensar planarbeidet vil innebære.

4. Kunnskapsgrunnlag

4.1. Utviklingstrekk for Møre og Romsdal

Den regionale planstrategien skal ta utgangspunkt i samfunnsutviklinga i brei forstand og gjere greie for sentrale regionale utviklingstrekk og utfordringar. Dette krev at det blir utarbeidd eit eige kunnskapsgrunnlag til planstrategien. Dette vil også vere nyttig for kommunane i deira arbeid med kommunal planstrategi.

Kunnskapsgrunnlaget, eller «Utviklingstrekk for Møre og Romsdal» som det blir kalla, skal tene til å kartlegge generelle utviklingstrekk og regionale utfordringar for Møre og Romsdal. Eit slikt dokument var utarbeidd også i 2015, det ligg på nettsida www.mrfylke.no/rps (under Dokument).

Denne gongen vil vi strukturere dokumentet etter dei tre bærekraftsprinsippa, og følgande tema er tenkt omtala:

Miljødimensjonen:

- Miljøvenleg liv og produksjon
- Klimatilpassing

Den sosiale (og kulturelle) dimensjonen:

- Demografisk utvikling og sentralisering
- Kompetanse og utdanning
- Ulikheiter og utaforskap
- By- og tettstadutvikling
- Kultur, idrett og frivillig innsats
- Tannhelse
- Demokrati- og medverknad

Den økonomiske dimensjonen:

- Verdiskaping, innovasjon og teknologi
- Mobilitet

Eit anna tema som også vil bli teke med, og som bygger på FNs bærekraftsmål 17 om samarbeid om å nå måla, er samarbeidssituasjonen i Møre og Romsdal.

4.2. Oversikt over folkehelsa

Det er eit krav i folkehelseloven at et skal utarbeidast ei [oversikt over folkehelsa](#) i Møre og Romsdal kvart fjerde år og at denne skal ligge som eit kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi.

4.3. Kunnskap om behov i den regionale arbeidsmarknaden

Fylkeskommunane er utfordra til å ta ei kopljarrolle mellom tilbod og etterspurnad av kompetanse i dei regionale arbeidsmarkandane. Som eit svar på dette skal fylkeskommunen i 2019 etablere Kompetansealliansen. Kompetansealliansen skal vere ein møteplass der utdanningsinstitusjonane, vidaregåande og høgare utdanning, møter representantar frå arbeidslivet for å diskutere kompetansebehova i regionen framover.

Til møtet som skal vere i mai 2019 skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag på bakgrunn av føreliggande rapportar og analysar – for eksempel rapportar frå Kompetansebehovsutvalget, NHOs kompetansebarometer, sparebankane sine konjunkturbarometer, NAV si bedriftsundersøking, kartlegging frå næringsklyngene og bransjeorganisasjonar og eventuelle undersøkingar som blir bestilt.

Som eit ledd i arbeidet med etableringa av Kompetansealliansen har Møreforsking laga ein [rapport](#) om globale trendar og regionale kompetansebehov (rapport MA 17-17).

4.4. Anna kunnskapsgrunnlag

Vi har allereie no ein del dokument og informasjon som gir oss kunnskap om utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal framover. Dette er mellom anna kunnskap samle inn ved utarbeiding av [Fol-strategi for næringslivet](#), [Fol-strategi for kommunal sektor](#) og gjennom prosjektet [Møre og Romsdal mot 2025](#). Mellom anna har Møreforsking hausten 2018 utarbeidd ein rapport om regional samhandling. [Nyttårskonferansen](#) og foredragshaldarane der gav oss også mange gode innspel.

Fylkeskommunen vil i starten av mai 2019 publisere ein oppdatert versjon av [Kommunestatistikk](#) og Fylkesstatistikk 2019 blir publisert i oktober som vanleg.

Rapportar, analysar og relevante publikasjonar vil bli lagt ut på www.mrfylke.no/statisikk

4.5. Innspel frå workshop

Møre og Romsdal fylkeskommune vil i løpet av våren gjennomføre to workshop'ar - eller framtidsverkstader – der vi ønskjer å få fram breidda i utfordringsbildet og moglegheitsrommet for Møre og Romsdal fram mot 2030. Gruppeleiarane i fylkestinget er invitert, og invitasjonen er sendt breitt ut til fylkeskommunen sine samarbeidspartar; offentlege instansar på alle nivå, aktørar i arbeids-/næringsliv og kompetanseinstitusjonar, kulturaktørar og frivillig organisasjonsliv.

Som grunnlag for arbeidet på første workshopen blir det utarbeidd nokre korte fagnotat, desse blir gjort tilgjengelege på nettsida nemnt over.

Innspela frå dei to workshop'ane vil bli oppsummert og lagt fram som del av kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi.

5. Behov for utgreiingar

Plan- og bygningsloven krev at planprogrammet seier noko om kva utgreiingar som er nødvendig før vedtak av plan. Vi må identifisere område der vi treng meir kunnskap for å vurdere planbehovet og gi grunnlag til arbeid med fylkesplanen. Følgande utgreiingar vil bli gjort innan utkast til regional planstrategi blir lagt fram:

- **Klimatilpassing** – kartlegge korleis denne oppgåve er løyst i andre fylkeskommunar og gjennomgang av status i eiga verksemd
- **Digitalisering** – kartlegge korleis andre fylkeskommunar har teke den regionale rolla i dette arbeidet

- **Handelsanalyse for Møre og Romsdal** – det er behov for ei oppdatering av analysen som vart laga i 2014 til regional delplan for attraktive byar og tettstader (er avhengig av at vi finn finansiering av denne i 2019)
- **Bustadutfordringar** – i samarbeid med Husbanken og Fylkesmannen avklare kva rolle fylkeskommunen kan ta her, og i tillegg kartlegge kva andre fylkeskommunar har gjort innan temaet bustadplanlegging

6. Evaluering

Kravet om ny regional planstrategi kvart fjerde år gir fylkeskommunen moglegheit til å gå gjennom planverket jamleg. Da er det viktig at vi evaluerer korleis dette har fungert for ulike målgrupper. Korleis oppfattar fylkespolitikarane planane og planprosessane våre? Korleis fungere fylkesplanen som styringsreiskap for fylkesrådmannen og avdelingsleiarane? Og kva med kommunane og stasetatane som skal følgje opp dei regionale planane våre - kva meiner de?

Det vil bli gjennomført møte med alle avdelingane, også stabsavdelingane, i fylkeskommunen for å få tilbakemelding på plansystemet. Dette vil også bli tema på møte i hovudutvala i vår. I tillegg vil det bli utarbeidd ei questback-undersøking som blir sendt til kommunane. Dei regionale statsetatane vil bli kopla på gjennom prosjektet Møre og Romsdal mot 2025.

Møre og Romsdal fylkeskommune deltek i eit pilotprosjekt i regi av KS om utviklinga av rolla som regional planmynde. Her har Asplan Viak levert ein delrapport med erfaringar med plansystemet i Møre og Romsdal, Vestland og Trøndelag. Her får vi innspel på kva som er styrkar og svakheiter ved vårt planverk.

I prosjektet Omstilling 2020 inngår det også å vurdere vår heilskaplege verksemdsstyring og plansystemet og korleis vi følger opp fylkesplanen.

7. Organisering, framdriftsplan og medverking

7.1. Organisering

Plan- og analyseavdelinga vil koordinere planprosessen. Alle avdelingane i fylkeskommunen vil bli trekt med i prosessen gjennom fylkesplangruppa, fylkesrådmannen si leiargruppe og i møte med kvar avdeling.

Styringsgruppa for arbeidet er fylkeskommunen sitt planutval, som hos oss er personidentisk med fylkesutvalet.

Det vil bli etablert ei referansegruppe med deltakarar frå plan- og analyseavdelinga, Fylkesmannen, KS og regionråda.

7.2. Framdriftsplan

Vi legg opp til følgande sentrale milepælar i arbeidet:

2019, måned	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D						
2020, måned												J	F	M	A	M	J
Utkast planprogram for regional planstrategi og fylkesplanen blir behandla av fylkesutvalet og lagt ut på høyring	26																
Workshop 1: utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal		14															
Høyringsfrist planprogram			12														
Workshop 2: felles mål mot 2030				2													
Fylkesutvalet vedtek planprogram					3												
Kunnskapsgrunnlag blir lagt fram for fylkestinget						17											
Utkast regional planstrategi blir lagt fram for det nye fylkesutvalet og lagt ut på høyring										25							
Høyringsfrist regional planstrategi												7					
Utkast fylkesplan blir behandla av fylkesutvalet													X				
Fylkestinget vedtek regional planstrategi															X		
Høyringsfrist fylkesplan															X		
Fylkestinget vedtak fylkesplan																	X

X=dato ikkje sett

7.3. Medverking

Det blir lagt opp til å nytte fagavdelingane sine etablerte utval og nettverk for å få innspel til planarbeidet. Dette inkluderer mellom anna:

Arena/målgruppe	Tidspunkt
Fylkeseldrerådet	13. febr. og 26. sept. 2019
Rådet for likestilling av funksjonshemma	19. febr. og 13. nov.
Ungdomspanelet	8. april og 13. sept.
Regional- og næringsutvalet	5. mars og 22. okt.
Samferdselsutvalet	6. mars og 23. okt.
Kultur- og folkehelseutvalet	7. mars og 23. okt.

Utdanningsutvalet	19. mars og 24. okt.
Kompetanse- og verdiskapingspartnerskapet (leiar i RN-utvalet, Fylkesmannens landbruksavd., Norsk forskningsråd, NAV, Innovasjon Norge, NHO, LO, KS, SIVA)	Mars-april 2019 (dato ikkje sett)
Dialogmøte med kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar som mottek tilskot frå fylkeskommunen (jf kulturavd. sitt årshjul)	2. kvartal 2019
Hovudsamarbeidsutvalet (HSAMU)	11. april 2019
Biblioteksjefsmøte (leiarar folkebibliotek i kommunane)	13. mars 2019
Plannettverka (kommunale planleggarar m.fl.)	Mars-april 2019
Møte med frivilligsentralane	22. mars 2019
God helse-nettverket	11. april 2019
Referansegruppa for prosjektet Møre og Romsdal mot 2025	7. mai 2019
Rektormøte vidaregåande skolar	8. mai 2019
Fagskolestyret	23. mai 2019
6 regionvise møte med kommunane	Veke 25 og 26
Frivilligforum	September 2019
Ungdommens fylkesting	8. nov. 2019

Vi vil også legge til rette for at innvandrarak blir høyrte i planprosessen, her har vi ikkje noko nettverk vi kan nytte, og vi må finne ut korleis vi skal få til dette på ein god måte. Det tek vi gjerne innspel på.

På nettsida www.mrfylke.no/medverknad vil det bli mogleg for alle som ønskjer å gi innspel i ulike fasar av planprosessen. Det blir laga ein kommunikasjonsplan for arbeidet både retta mot tilsette og mot innbyggjarane i Møre og Romsdal.

8. Innspel til oppstart av planprosessen

Det vi ønskjer å få innspel på i denne første fasen av arbeidet med ny regional planstrategi og fylkesplan, er følgande:

- Har de forslag til tema som bør utgreiast?
- Er det internasjonale, nasjonale eller regionale føringar og rammer som fylkeskommunen må ta omsyn til i sitt planarbeid som ikkje er nemnt i utkastet?
- Støttar de forslag til framdrift og organisering av planarbeidet, har de ev. innspel til endringar av planprosessen?